



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Time kommune 10. juni 2014

---

Tema: Produksjonstilskot i jordbruket og regionalt miljøprogram

---

Vår referanse 2014/4753

## **Innhald**

<b>1. Samandrag .....</b>	3
<b>2. Innleiing .....</b>	4
<b>3. Bakgrunn for kontrollen.....</b>	4
<b>4. Heimel for kontrollen.....</b>	4
<b>5. Opplysningar om gjennomført kontroll .....</b>	5
<b>5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen.....</b>	5
<b>5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....</b>	5
<b>5.3. Tema for forvaltningskontrollen .....</b>	6
<b>6. Funn .....</b>	6
<b>6.1. Definisjonar .....</b>	6
<b>6.2. Tema 1 – Sakshandsamingsrutinar for PT og sjukdomsavsløysing .....</b>	7
<b>6.3. Tema 2 – Risikovurderingar ved føretakskontroll PT .....</b>	8
<b>6.5. Tema 4 – Regionalt miljøprogram .....</b>	9
<b>6.6. Tema 5 – Spreieareal .....</b>	11
<b>6.7. Tema 6 – Driftsfellesskap .....</b>	12
<b>6.8. Tema 7 – Godkjenning av dyr på beite .....</b>	13
<b>7. Oppfølging etter kontrollen .....</b>	14
<b>8. Vedlegg (ikkje offentleg) .....</b>	15
<b>8.1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon .....</b>	15

## 1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Time kommune 10.06.2014. Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si handsaming av ordninga med produksjonstilskot og regionalt miljøprogram, RMP.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

### Avvik:

- **Avvik 1:** Kommunen har godkjent søknader om tilskot på RMP der miljøplan manglar.
- **Avvik 2:** Kommunen har gjennomført for få stadlege kontrollar på RMP

### Merknader:

- **Merknad 1:** Kommunen har ikke sjekkliste/skriftelg rutinebeskriving for behandling av PT-søknader
- **Merknad 2:** Kommunen har ikke gode nok rutinar for å følgje opp saker der kommunen har redusert dyretalet i PT-søknader og der det derfor er aktuelt å vurdere avkorting.
- **Merknad 3:** Kommunen har ikke sjekkliste/skriftelg rutinebeskriving for behandling av RMP-søknader.
- **Merknad 4:** Kommunen sitt datasystem greier ikke handtere saksbehandlarsystemet for RMP, eStil.
- **Merknad 5:** Kommunen sjekkar ikke alltid om den som tek imot gjødsel har nok areal i dei tilfella der det ligg føre avtalar om leige av spreieareal
- **Merknad 6:** Kommunen har i nokre tilfelle ikke gjort ei grundig nok vurdering når dei har godkjent mjølkekryr i full laktasjon på utmarksbeite.

I rapporten blir gjennomføring av sjølve kontrollen og nærmere beskriving av avvik og merknader gjennomgått.

## **2. Innleiing**

Vi viser til varsel om kontroll datert 24.04.2014, og påfølgjande gjennomføring av kontroll 10.06.2014. Tema for kontrollen var kommunen si forvaltning av produksjonstilskotsordninga, avløysarordningane og regionalt miljøprogram (RMP). På sjølve kontrollen blei det avtalt at det skulle sendast ein førebels rapport. Denne førebelse rapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen

## **3. Bakgrunn for kontrollen**

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. FM sin kontroll av Time kommune inngår i dette arbeidet.

Hovudtema for forvaltningskontrollen i Time kommune var kommunen si forvaltning av ordninga med produksjonstilskot i jordbruket (PT) og regionalt miljøprogram (RMP).

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartlegge om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

## **4. Heimel for kontrollen**

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

*"Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.*

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket
- Forskrift 08.11.2006 nr. 1227 om tilskot til avløysing
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav
- Forskrift 06.07.2013 nr. 604 om tilskot til miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Teknisk jordbruksavtale 2012-2013 og Jordbruksavtalen 2013-2014
- Rundskriv 2014-10 frå Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Rundskriv 28/13 og 13/1-2 frå Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Rundskriv 12/2014 frå Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Rundskriv 8/2013 frå Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Rettleatingshefte for Tilskotsordninga i Regionalt miljøprogram for Rogaland 2013,

## 5. Opplysningar om gjennomført kontroll

### 5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 10.06.2014	Journalnummer: 2014/4753
Dato for førre kontroll: 10.11.2010	Journalnummer: 2010/9454

#### Kontrollert verksemد

Kommune: Time	E-post : post@time.kommune.no
Besøksadresse: Rådhuset, Arne Garborgs veg 30, Bryne	Telefon: 51 77 60 00

#### Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Kirsten Smedvig	jordbruksjef	x	x	x
Jon Egil Jakobsen	fagkonsulent	x	x	x
Kristin Hesby	fagkonsulent	x	x	x
Brit Jorunn Haslemo	avdelingssjef	x	(med på delar av intervjuet)	x
Bjørn Meling	Kommunalsjef samfunn			x

#### Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Sissel Endresen	kontrolleiar	x	x	x
Hadle Nevøy	landbruksdirektør	x		x
Linn Borsheim	medkontrollør	x	x	x
Monica Dahlmo	medkontrollør	x	x	x

### 5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Hadle Nevøy informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Sissel C. Endresen leia sjølve kontrollen med intervju, Monica Dahlmo var medkontrollør for ordninga med regionalt miljøprogram medan Linn Borsheim var medkontrollør og skrivars. For nokre av tema blei intervjuet supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

### 5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Sakshandsamingsrutinar for PT og sjukdomsavloysing	Kva rutinar har kommunen for handsaming av innkomne søknader?
2	Risikovurderingar ved føretakskontroll PT	Kva vurderingar gjer kommunen når dei plukkar ut føretak til stikkprøvekontroll? Gjere greie for bakgrunnen for utplukk dei siste åra.
3	Reaksjonar ved avvik og feil PT	Kva reaksjonar har kommunen ved funn av feil i søknad eller regelverksbrot?
4	Regionalt miljøprogram	Korleis handterer kommunen søknader om midlar frå RMP?
5	Spreieareal	Kva rutinar har kommunen for kontroll av spreieareal, og korleis følgjer kommunen opp manglende spreieareal ved utbetaling av produksjonstilskot?
6	Driftsfellesskap	Kva rutinar har kommunen for å kontrollere at det er/ikkje er driftsfellesskap, inkludert driftsfellesskapsvurdering i tilfelle der fleire føretak søker produksjonstilskot på same landbrukseigedom?
7	Godkjenning av dyr på beite	Kva rutinar har kommunen for godkjenning av dyr på beite?

## 6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknader som blei avdekkja vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

### 6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er naudsynt å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

I oppsummeringa for dei ulike tema har vi valt å samla all tilbakemelding som gjeld RMP under tema 4 – Regionalt miljøprogram sjølv om RMP også var deltema under tema 1,2 og 3. Vi meiner dette gir ei ryddigare tilbakemelding.

## **6.2. Tema 1 – Sakshandsamingsrutinar for PT og sjukdomsavløysing**

### **Om regelverket**

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd og søknader om tilskot til avløysing ved sjukdom mv. jf. § 13 i forskrift for tilskot til avløysing. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Ulike rundskriv frå SLF gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane.

### **Omtale av kommunen sin praksis - PT-søknader**

PT-søknader på papir blir datert og stempla når dei blir levert. Blir oppbevart i perm i minst ti år. Kommunen har eigen søkerliste, prøver å halde oversikt og fange opp om nokon kan ha gløymt å søkje - ringer til desse. Held og oversikt over førsal, både nye og gamle. Stadig færre papirsøknader.

Sjekkar alltid at søker har ført på avløysing og om tala er "rare" samanlikna med tidlegare søknadsomgangar. Ser vidare på om søknaden er underskriven. Sjekkar om det er nok beite ut frå det dyretalet som er ført på beite dersom sjølve søknaden skal sjekkast nærrare.

Dersom søknader blir retta eller endra av kommunen, har kommunen rutine for å ta kontakt med søker enten på telefon eller via e-post før endring. Noterer dato for kontakt i merknadsfeltet og lagrar dokumentasjon i perm. Dersom ein søker ikkje har ført opp dyr som kommunen trur dei har, tek kommunen kontakt med søker. Tek normalt kontakt pr. telefon, og kommunen endrar tala i tråd med info som gis pr. tlf. I mange tilfelle trur søker at tala kjem automatisk pga. dei preutfylte tala og fører ikkje opp tal i søkerfeltet, med mindre dei har endringar frå dei preutfylte tala.

### **Omtale av kommunen sin praksis - søknad om tilskot ved sjukdom mv.**

Alle søknadsskjema blir lagt inn i websak. Originalutgåva går til saksbehandlar saman med dokumentasjon. Blir oppbevart i perm. Original søknadsskjema går til FM, kommunen har originale vedlegg og kopi av søknaden. Kommunen kontrollerer 3 mnd. fristen ved at søknaden blir stempla på postmottaket når søknaden blir motteken, ved saksbehandling blir dato for mottak sjekka opp mot dato for siste dag som gir rett til tilskot. Kommunen har sjekkliste som dei nyttar for denne ordninga.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Vårt inntrykk er at kommunen stort sett har ein god praksis når det gjeld sakshandsaminga av tilskotssaker innan både PT og avløysing ved sjukdom. Vi vil tilrå at kommunen utarbeider sjekkliste og skriftleg rutinebeskriving for behandling av PT-søknader. Dette vil gjere kommunen mindre sårbar ved t.d. personalskifte.

### **Merknad:**

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 1: Kommunen har ikke sjekkliste/skriftelig rutinebeskriving for behandling av PT-søknader*

## 6.3. Tema 2 – Risikovurderingar ved føretakskontroll PT

### Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 13/1-2 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

### Omtale av kommunen sin praksis

Kommunen gjorde greie for korleis føretak blei trekt ut for kontroll. Tar ut liste over potensielle føretak med risiko ut i frå ulike tema. Noterer også opp føretak dei har reagert på i løpet av året som t.d. plutselig endring av dyretal osv. Ser på risikoområdet. Har sett på driftsfellesskap, ugras, spreieareal, store føretak, føretak som ikkje har blitt kontrollert/lenge sidan sist kontroll, førebyggjande kontroll hos nye føretak. Ser på prioritetsområde frå FM/SLF.

Kommunen si vurdering av fare for feilutbetaling går på at det t.d. er ein del rene skrivefeil i søknader. Stort sett årlege bønder, nokre gonger "for årlege". Nokon fører for få dyr, for eksempel fordi dei reknar med noko tap av dyr på beite. Har nokre mistankar rundt driftsfellesskap, men det er meir i tilfelle der systemet legg opp til slik tvil.

Kommunen meiner kontrollen er betre no når det ikkje er maskinelt utplukk. Slepp at eitt føretak blir plukka ut fleire gonger på rad. For eksempel blir spreieareal no kontrollert jamleg, og dette får føretaka med seg, og dermed finn kommunen færre avvik etter kvart, preventivt. Har funne store avvik på spreieareal. Det største avviket som er funnet på dyretal er ti ungdyr. Fella som produsentane ofte går i, er at dei går ut i frå dyrelistene, i staden for å gå ut og telje, og dermed oppstår avvik. Kommunen sender infoskriv til bøndene to gonger i året, før kvar søknadsomgang.

### Fylkesmannen si vurdering

FM meiner kommunen har ein grei praksis på utplukk av føretak til stadleg kontroll.

Fylkesmannen har ikkje funne avvik og har ingen merknader.

## 6.4. Tema 3 – Reaksjonar ved avvik og feil

### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på, jf. rundskriv 13/1-2 frå SLF, kap. 9.5. Ei god

oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkeren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot.

### Omtale av kommunen sin praksis

Kommunen sin rutine for PT-søknader er at søker får skriftleg førehandsvarsle om feil som er oppdaga, med moglegheit for å kome med forklaring. Fattar deretter vedtak.

Etter stikkprøvekontrollen skal det alltid sendast førehandsvarsle dersom kommunen finn lågare dyretal enn det søker har ført opp. Kommunen har dette som rutine nå.

Ved funn av feil i søknad eller om det er noko dei stussar på, tek kommunen kontakt med søkeren for å sjekke om tala stemmer. Kommunen rettar søknaden dersom tala er feil, og skriv i merknadsfeltet kva som er endra og kvifor. Vurderer ikkje avkorting når feilen er openbar. Kommunen opplyste at rutinen no vil vere å sende ut førehandsvarsle også i slike tilfelle.

Når det gjeld miljøplan og spreieareal, bruker kommunen standardisert trekk jf. tabelltrekk. Dersom eit føretak ikkje har miljøplan, men kryssar av ”ja”, sender kommunen førehandsvarsle og fattar vedtak. I ein konkret sak har kommunen brukt standardisert trekk – det blei gjort vurdering omkring feilopplysning, men konkluderte med at det ikkje skulle avkortast.

### Fylkesmannen si vurdering

FM la fram PT 4100A for januar 2014. Her viser tal at det ved stikkprøvekontrollen har vore saker der det er funne lågare dyretal enn det søkeren hadde oppgitt i søknad. Dyretalet er korrigert, men det er først no at kommunen har oppdaga at desse sakene ikkje er følgt opp vidare med avkorting. I følgje kommunen har skifte i saksbehandlar gjort at desse ikkje er følgt opp.

FM viste og til tre søknader frå august 2013 der dyretalet er endra av kommunen, men der det ikkje er meldt inn trekk til FM. Under kontrollen kunne kommunen dokumentere at dei i ei av sakene har vurdert avkorting, varsel sendt med kopi til FM. I ei anna sak fann ikkje kommune saka og i ei tredje sak viste kommunen til at det er ein saksbehandlar som har slutta som har hatt saka. FM meiner det er viktig at kommunen har eit godt system på plass som gjer at dei kan handtere slike saker uavhengig av saksbehandlar.

#### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 2: Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å følgje opp saker der kommunen har redusert dyretalet i PT-søknader og der det derfor er aktuelt å vurdere avkorting.*

## 6.5. Tema 4 – Regionalt miljøprogram

### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å fatte vedtak etter RMP-forskrifta jf. § 27. Tilskot blir utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar m. v. fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag. Retningslinjer for utbetaling av regionalte miljøtilskot er omtalt i SLF sitt rundskriv 2013/8.

### **Omtale av kommunen sin praksis**

Kommunen har hatt fleire endringar på personalsida når det gjeld saksbehandlar for RMP. Kommunen har ikkje rutinebeskriving og sjekklister utover det som er tilsendt frå SLF. Dei har planar om å utvikle eigne rutinar. Det kom og fram at kommunen sitt datasystem ikkje greier å handtere eStil som er det verktøyet som skal nyttast i saksbehandlinga.

Når kommunen har valt ut føretak til stadleg kontroll, har dei i første rekke sett på miljøavtalar. I 2013 var det to søkjavar som blei kontrollerte. Totalt er det utbetalt tilskot til 117 føretak.

Fylkesmannen hadde i 2013 kontroll av miljøplan hos 10 føretak i Time kommune. Kommunen har godkjent søknader om regionalt miljøtilskot frå føretak der miljøplanen etter Fylkesmannen sin kontroll ikkje blei godkjend.

Når det gjeld søknad om tilskot til skjøtsel og beite av kystlynghei, har kommunen sett på søknaden frå året før. Dei har sett på gardskart og naturtyperegistreringa. Der kommunen ikkje har funne skjøtselsplan, har dei bedt søker om å kome inn med denne. Ved vurdering av skjøtselsplanen ser kommunen på kva dei har godkjent tidlegare. Dei ønskjer ikkje å godkjenne skjøtselsplaner som bonden har fylt ut sjølv. Skjøtselsplanane blir samla i ein perm slik at dei er tilgjengelege til seinare år. Når kommunen skal vurdere kor stort areal det skal søkjast tilskot for, ser dei på kart og måler areal..

FM viste til at kommunen i eit tilfelle har godkjent tilskot både pr. dyr og pr. dekar i same søknad. Kommunen sa at dei har luka ut fleire som har søkt på begge delar, men at denne har ved ein feil blitt godkjent.

Når det gjeld bevaringsverdige husdyrraser, har kommunen prøvd å følgje lister frå FM v/Monica Dahlmo. Men likevel har einskilde dyr som ikkje burde vore godkjent likevel bitt godkjent.

### **Fylkesmannen si vurdering**

#### Stadleg kontroll av føretak

Kommunen skal etter ei risikovurdering velje ut 5% av tal søker til stadleg kontroll. Dette kjem fram av rundskriv 2013/8 og av brev frå Fylkesmannen av 16.10.2013. Kommunen har godkjend tilskot til 117 føretak. Det skulle ha vore stadleg kontroll hos 6 føretak, medan kommunen berre har kontrollert to føretak. Dette er eit klart brot på retningslinjene for stadleg kontroll.

#### Miljøplan

Det er jf. forskrift om miljøtilskot, Rogaland § 3 eit grunnvilkår at føretak må ha miljøplan trinn 1 for å ha rett på regionalt miljøtilskot. Kommunen blei i kopi av Fylkesmannen sine vedtak, samt gjennom felles gjennomgang av føretaka sin miljøplandokumentasjon, gjort kjend med at miljøplanen til seks føretak ikkje blei godkjend. Når kommunen likevel har godkjent utbetaling til minst eit av desse føretaka er det eit klart brot på grunnvilkåra for

tilskot. Kommunen må etablere rutinar som fører til at vedtak som vedgår RMP blir følgt opp i saksbehandlinga.

#### Kystlynghei og bevaringsverdige husdyrrasar

RMP blei vesentleg endra frå 2012 til 2013. Tilskot til kystlynghei blei endra og tilskot bevaringsverdige husdyrrasar var nytt. I kontrollen blei det oppdaga feil utbetaling til ein skilde føretak på ordningane kystlynghei og bevaringsverdige husdyrrasar. Kommunen var merksame på ordningane, og har rett forståing av regelverket. Likevel hadde feila skjedd ved ein glipp. FM har forståing for at innføringa av nytt saksbehandlarsystem og vesentlege endringar i tilskotsordningane har medført stor arbeidsbelastning på kommunen.

#### Krav til datasystem

Det kom fram i kontrollen at det var store problem med datasistema til kommunen ved saksbehandling i eStil. For saksbehandling av regionalt miljøprogram er det heilt nødvendig at kommunen sine system kan handtere eStil. Det er truleg at eStil i framtida også kjem til å omfatte produksjonstilskot. Kommunen må prioritere å løyse desse tekniske utfordringane.

#### Avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 1 : Kommunen har godkjent ein søknad om tilskot på RMP der miljøplan manglar.
- Avvik 2: Kommunen har gjennomført for få stadlege kontollar på RMP

#### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- Merknad 3: Kommunen har ikkje sjekkliste/skriftelg rutinebeskriving for behandling av RMP søknader.
- Merknad 4: Kommunen sitt datasystem greier ikkje handtere eStil.

## 6.6. Tema 5 – Spreieareal

#### **Om regelverket**

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreiing av husdyrgjødsel, jf. § 24 i forskrift om organisk gjødsel. Jf. §22 skal bruk av gjødselvarer inngå i gjødslingsplan jf. forskrift om gjødslingsplanlegging.

Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen kan dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskriftena. Ved manglande spreieareal, får føretaket ein reduksjon i utbetaling av produksjonstilskot, jf. jordbruksavtalen 2013/2014, kap. 7.1.2. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side.

### Omtale av kommunen sin praksis

Kommunen opplyser at dei har oversikt over godkjent spreieareal inkludert godkjend spreieareal på beite. Oversiktsliste frå FM (som Morten Svanes lager) blir brukt for å halde oversikt over spreiearealsituasjonen i kommunen. For å berekne føretaka sine behov for spreieareal, blir GDE-kalkulator brukt. Spreieareal blir vurdert i alle søknadane om PT. Før stadleg kontroll av føretaka reknar dei ut behov for areal. Ved fleire føretak på ein eigedom, ser kommunen på alle føretaka. Ved for lite areal på eigen driftseining, krev kommunen skriftleg avtale om spreieareal. Den er ikkje alltid på plass ved kontroll. I utgangspunktet krev kommunen også mottakars kvittering på leveranse. Dersom føretaket har for lite spreieareal sender kommunen varsel om vedtak.

På stikkprøvekontrollane blir spreieareal prioritert for kontroll både i januar- og august-omgangen. Kommunen har ikkje total oversikt over leigd spreieareal. Dei sjekkar vanlegvis ikkje det andre føretaket sitt spreieareal i tilfelle der spreieavtaler blir sjekka. Dersom det er snakk om fleire føretak, samdrift osv., så blir alle sjekka for å sjå på totalen.

På spørsmål om dei sjekkar om alt tilgjengeleg spreieareal faktisk blir brukt, svarar kommunen at det ikkje er så stort problem i kommunen. Det er lite grønsaksproduksjon osv., og dette har ikkje vore prioritert kontrollområde.

Kommunen har gått systematisk gjennom lista med spreieareal som dei har fått frå FM v/Morten Svanes, men dette er ei liste frå nokre år tilbake i tid. Kommunen uttrykte eit ønskje om at FM sender ut ei oppdatert liste kvart år. Kommunen kontrollerer alltid at føretaka har Miljøplan trinn 1 i orden, noko som og inkluderer gjødselplan.

På spørsmål om rutinar for godkjenning av nytt spreieareal på beite sa kommunen at det er bonden som tek kontakt. Kommunen reiser ut og vurderer om beitet kan godkjennast som spreieareal. Dersom kommunen godkjenner beitet som spreieareal, blir godkjent areal lagt inn i kartbasen og i eit Excel-ark. Kommunen opplyste at dei har hatt problem med at enkelte har truudd at innmarksbeite automatisk er godkjent. Har hatt ein del jobb med å sjekke og eventuelt godkjenne dette.

### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har rutinar for å kontrollere spreieareal når dei er på stadleg kontroll. Kommunen har også rutinar for å kontrollere at føretaka har Miljøplan trinn 1, noko som inneber ein kontroll av gjødselplanen. I dei tilfella der det ligg føre avtalar om leige av spreieareal, meiner FM at kommunen også bør sjekke at den som tek imot gjødsel har nok spreieareal.

### Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- *Merknad 5: Kommunen sjekkar ikkje alltid om den som tek imot gjødsel har nok areal i dei tilfella der det ligg føre avtalar om leige av spreieareal*

## 6.7. Tema 6 – Driftsfellesskap

### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det fører til driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der flere føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot. Risikoen for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontroller med denne delen av regleverket.

### **Omtale av kommunen sin praksis**

Kommunen opplyste at dei ut frå ein risikovurdering har rutine for å vurdere driftsfellesskap. Risikovurderinga går på om det er flere produksjonar på same eigedom og der det er slektningsar eller ektefeller som driv. Kommunen meiner risikoen er størst i slike saker. I andre typar saker opplyser kommunen at dei er avhengig av tips.

Kommunen har hatt tre tilfelle der ektefeller driv kvar sine bruk og eitt tilfelle av far og son med sau på same eigedom. Desse føretaka er kontrollerte. Kommunen har og hatt kontroll av føretak der samdrift og ENK har produksjon på same eigedom. Dei har ikkje akseptert dyr i same bygning. Kommunen rettleiar føretak om reglane for driftsfellesskap når føretak startar opp. Dei har ikkje avslått søknad om PT på grunnlag av dette. Ingen kontrollerte saker har fått påvist driftsfellesskap. Kommunen meiner dette er tidkrevjande saker. Dei har og vurdert økonomi i nokre saker; ser om dei har kvart sitt rekneskap. Har hatt saker der dei har bedt om fullstendig rekneskap, men har konkludert med at det ikkje har vore driftsfellesskap. Kommunen ser ikkje på det som fullstendig kontroll dersom rekneskapen ikkje er innhenta. På spørsmål om dei utarbeidde skriftleg notat i slike saker svarte kommunen først nei. Dei gjekk og sjekka i arkivet og fann at det var utarbeidd notat som blei arkivert i sakene.

Ved utplukk til kontroll har kommunen søkt opp kven som søker på same gnr/bnr. Dei fører oversikt over kven som er kontrollert tidlegare for å halde oversikten.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen ser ut til å gode rutinar for å følgje opp saker der det kan vere mistanke om driftsfellesskap. Dei har gjort risikovurderingar og plukka ut aktuelle føretak for kontroll. I nokre tilfelle har kontrollen også omfatta gjennomgang av rekneskapen. Kommunen utarbeider skriftleg notat i slike saker, og notatet blir arkivert i sakene. I følgje kommunen har dei til no ikkje hatt saker der det er påvist driftsfellesskap. Fylkesmannen har ikkje funne avvik og har ingen merknader.

## **6.8. Tema 7 – Godkjenning av dyr på beite**

### **Om regleverket**

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. teknisk jordbruksavtale for 2012-2013, punkt 7.5. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer med tilfredstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

### **Omtale av kommunen sin praksis**

Ved kontroll ser kommunen på dyretalet som er ført opp og vurderer dette opp mot kvar beita ligg, og ser mellom anna på avstanden. Bonden må forklare kor dyra beiter. Vurderer om det

dyretalet som er oppgitt er rimelig ut i frå storleiken på beitet. Går ut i frå tala som Tine la fram på ei samling som FM arrangerte for nokre år tilbake. Det er få samdrifter som søker, men søker dei og kommunen er på kontroll, blir beitebruken sjekka. Kontrollerer ikkje kvart enkelt føretak, men avdekker eventuelle avvik på sjølvve stikkprøvekontrollen. Kommunen vurderer og ut frå lokalkunnskapen og dyretal i høve til arealtal.

### Fylkesmannen si vurdering

FM viste til fleire søknader der kommunen har godkjent mjølkekjær i full laktasjon på utmarksbeite. Kommunen viste til at det kan vere tilfelle der det er blanda beite og der det er litt tilfeldig kva dyr som blir ført på utmarksbeite. Kommunen sa at det også kan vere feilføring. FM meiner at det i dei fleste tilfella er lite truleg at mjølkekjær i full laktasjon går minst 5 veker på utmarksbeite og der hovuddelen av grovføret kjem frå beiting i utmarka.

#### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 6: Kommunen har i nokre tilfelle ikkje gjort ei grundig nok vurdering når dei har godkjent mjølkekjær i full laktasjon på utmarksbeite.*

## 7. Oppfølging etter kontrollen

Time kommune må innan 24.11.2014 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.

## 8. Vedlegg (ikkje offentleg)

### 8.1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon

Nr.	Tema	Stikkord
1	Sakshandsamingsrutinar for PT og sjukdoms-avløysing	Tre søknader pr. 20.8.2013 om PT der kommunen har endra dyretalet etter at søknaden er levert: <ul style="list-style-type: none"><li>• xxxx</li><li>• xxxx</li><li>• xxxx</li></ul>
2	Risikovurderinger ved føretakskontroll PT	-
3	Reaksjonar ved avvik og feil PT	<ul style="list-style-type: none"><li>• Liste PT-4100A pr. 01.01.2014 kjørt 5.5.2014</li><li>• Søknader PT pr 20.8.2013, dyretalet redusert av kommunen<ul style="list-style-type: none"><li>○ xxxx</li><li>○ xxxx</li><li>○ xxxx</li></ul></li></ul>
4	Regionalt miljøprogram	Skjøtselsplanen for skjøtsel av kystlynghei til følgende foretak: <ul style="list-style-type: none"><li>• xxxx</li><li>• xxxx</li><li>• xxxx</li></ul>
5	Spreieareal	Rekneark som viser alle føretak i Time rangert etter spreieareal
6	Driftsfellesskap	Rekneark som viser bruk i Time der det er meir enn ein søker på same gnr/bnr
7	Godkjenning av dyr på beite	Rekneark som viser dei som har søkt tilskot til dyr på beite. Oversikt over mjølkeleveransar pr. månad <ul style="list-style-type: none"><li>• xxxx</li><li>• xxxx</li><li>• xxxx</li><li>• xxxx</li></ul>